



MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato: 23.08.2023
Vår ref: 2023/12233

Dykkar dato:
Dykkar ref: 2023/714

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Dispensasjon - Masfjorden 6/10 - arealoverføring

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.08.23. Saka gjeld søknad om oppretting av ny eigedom/ arealoverføring og samanslåing med annan eigedom avsett i kommuneplan til «spreidd næring». Areal som er søkt oppretta eigedom for- og seinare slege saman med område med formål LNF-næring er i kommuneplan avsett til LNF. Det opphavelege arealet for eigedommen, 6/104, avsett til spreidd næring er 6952 m². Det vert søkt om eit tillegg på 10.000 m² fråskilt 6/10. Det er opplyst at LNF-området er tenkt nytta som næringsareal.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensesert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Ei arealoverføring som omsøkt vil føre til ein forventning om å få nytte arealet som næringsareal. Det er det som er intensjonen med arealoverføringa.

Arealet som er søkt overført er 10 000 m² med ubygde LNF-område. Arealet er i dag skog og myr. Myra er registrert som djup myr i [kilden.no](#). Dette er ikkje areal som utan vidare skal omdisponerast. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 står det mellom anna:

«Arealendringar av natur som lagrar mykje karbon, medfører auka klimagassutslepp og reduserer moglegheita for framtidig opptak av karbon. Nedbygging er den arealbruksendringa som gjev størst utslepp av klimagassar. Det er nedbygging av skog, særleg på organisk jord, og myr som gjev størst utslepp per arealeining. Nedbygging av natur kan i tillegg gjere at økosystema toler klimaendringane dårligare, som igjen kan gje auka klimagassutslepp.»

Det står også at: «*Det er viktig for Noreg si evne til å oppfylle natur og klimamåla at fylkeskommunane og kommunane bruker planverktøya til å hindre nedbygging av karbonrike areal som skog og myr*»



Det står i søknaden at både LNF- området og LNF-spreidd næring skal nyttast til næringsverksemd. Det er ikkje gjort nærare greie for type næring ein tenkjer på staden, utover at det i søknadsskjema står at anleggstype er industri og bygningstype er lager. Statsforvaltaren ønsker å gjere kommunen merksam på at tiltaka i LNF-spreidd næring må vere i samsvar med føresegne i kommuneplanen, og det må vurderast om tiltaka har ein slik storleik og/ eller slike verknader at dei vil vere reguleringspliktige.

Statsforvaltaren si vurdering er at om LNF-området skal nyttast til næring må dette vurderast i kommuneplanen, og at ein arealendring kan vere i strid med nasjonale interesser knytt til omdisponering av karbonrike areal. Storleik på området og verdiane i området tilseier at det må utarbeidast ein reguleringsplan. I tillegg kan det vere krav om konsekvensutgreiing jf. KU forskrifta.

Det er no berre søkt om dispensasjon for arealoverføring av eit større LNF-område til ein eigedom med formål LNF-spreidd næring. Søknad om tiltak vil kome seinare. Statsforvaltaren vurderer likevel at det er uheldig å endre eigedomsgrensa når formålet med endringa, er så klart i strid med LNF-formålet. Dette vil skape ein forventning om å nytte arealet til næring

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon for arealoverføring i denne saka. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN